


# Kyrkjebladet for VAKSDAL

77. ÅRG. / NR. 3 - 2023



**Nye sokneråd**  
Side 5

**Ministerbesøk på Dale**  
Side 6

**Vegen-sidene**  
Side 8-12

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam  
Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)  
E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

### Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14

**Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**  
Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn  
Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen  
og Nesheim sokn  
Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

**Trusopplærar Kristin Straume Normann**  
Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

### Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

### Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

### Vaktmeistar Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,  
konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på  
[www.kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal)

### GATEADRESSER:

**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065

**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1

**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014

**Eksingedalen kyrkje:** Sørdalsvegen 10

**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31

**Stamnes kyrkje:** Gruvevegen 19

**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34

## VIPPS

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



**Stoff til neste nummer må vera  
kome inn til 13. november.**

Bilete på framsida: Traktortrekking var eit av innslaga  
på konfirmantleiren i haust.

## Ein vanleg haustdag i september

Eg sit på kontoret mitt og hører elva som brusar utan for, lauva på trea begynner å gulna. Hausten er definitivt kommen, men enno kan me få nokre fine dagar, før vinteren og mørket tek overhand.

Når ein sit slik er det lett å drøyma seg vekk til varmare land. Kenya for eksempel, der var familien i sumar, og der skal me tilbake. Det er varmt og godt i Kenya, og når det regnar, så er det sjeldan at det er meir en nokre timer i slengen. Om temperaturen kjem under 20 grader, finn folk fram varme klede og klager over at det er kaldt. For ein vestlending kan dette nesten høyast ut som eventyr, men det er heilt sant.

Når ein møter folk i Kenya spør dei ofte; Hei, kordan har du det. Her er det viktig å svare at du har det bra. Og om du ikkje har det bra, sei du ikkje noko om det. Så fortsett dei ofte å spør om foreldre, kone, born osv. har det bra. Og svaret igjen er at alle har det bra. Om du seier noko anna, forstår du raskt at du har sakt noko «feil». Då ser dei svært brydde ut, skiftar samtaleemne og augo begynner å flakka.

Kultur er gøy slik, og ganske ofte litt pinleg. Heldigvis slepp eg unna det meste fordi at eg er kvit og ikkje «veit betre». Rasistisk tenkjer kanskje du, og kanskje det er det, men det har noko med å faktisk tolke at me (altså kvite) har vore kolonistar, og at det enno kjem til å gå nokre generasjonar før dette er ute av det kollektive minnet. No er det kinesarane som gjer det same med Afrika sør for Sahara, men akkurat det skal eg la ligga no.

Og til slutt, når eg tenkjer etter, så er det rette svaret at eg har det bra. Eg sit på kontoret mitt, det er varmt her inne, elva brusar utanfor, eg har mat med meg, og skal snart spise lunch, eg får utbetalt lønn ein gong i månaden, hus og klede har eg også. I augo til 90% av vera si befolkning har eg det altså veldig bra, og det er jo ikkje så galt

**Bjart-Magnus N Rosvold**  
**Kyrkjeverje i Vaksdal**

### Fellesrådsleiar t.o.m. 30. november:

Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25 / e-post: lars.patterson@vetlejord.com

### Soknerådsleiarar t.o.m. 31. oktober:

Bergsdalen: Anne Hilde Fosse Osvold, tlf. 95 10 03 27

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Jarand Brørvik (mellombels), tlf. 99 36 39 51

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale, tlf. 99 26 81 28

**Den norske kyrkja si heimeside:** [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

**Bjørgvin bispedømme si heimeside:** [www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)

### KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfrift.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:** Kyrkjeverja i Vaksdal

**Grafisk utforming:** Vaksdalposten

**Kasserar:** Vaksdal Kyrklege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:** RKGrafisk, tlf 99 21 42 00

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjebladet frå 2002 og framover kan lesast på: [kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal)



## *DEN SOM ER MINST, ER STOR*

Tanken kom opp mellom læresveinane om kven som kunne vera den største av dei. Men Jesus skjøna kva dei tenkte i hjartet. Han tok eit lite barn, sette det attmed seg og sa til dei: «Den som tek imot dette barnet i mitt namn, tek imot meg. Og den som tek imot meg, tek imot han som har sendt meg. For den som er minst av dykk alle, er stor.» Luk. 9. 46 - 48.

Samstundes med kommune- og fylkestingsvalet er det også gjennomført eit kyrkjeval. Landet over har ein hatt val på representantar til sokneråd og bispedømeråd. Dei sistnemnde er også med å utgjere kyrkjemøtet som er kyrkjas øvste styrande organ. Kyrkja vår har ei demokratisk oppbygging. No er det nok ikkje så mange, trur eg, særskilt i sokneråda som tenker på det å vere stor og viktig. Dei har stilt seg til teneste for å gjere ein innsats dei neste fire åra.

Denne bibelteksten er med og let oss reflektere om kva tenesta i kyrkja handlar om. Kva er viktig? Me kan også spørje: kven er viktig? Det er då Jesus på ein så fin måte løfter fram eit lite barn. Ingen er større og viktigare enn det. Barnet gjev oss ei programforplikting på arbeidet vårt i kyrkja. Jesus seier det såleis at det å ta imot borna, er å ta imot han og han som har sendt han, altså Gud Fader.

Kva var det Jesus gjorde? Han gjorde seg sjølv liten og vart alles tenar. Vi treng å ha Jesus som vårt førebilete. Det er å stille med opne armer og å legge til rette for borna og barnefamiliane. Dette gjeld i gudstenestene og i trusopplæringa. Det er sjølvsagt eit ansvar for oss tilsette, og for dei nye sokneråda. Men ansvaret kviler også på heile kyrkjelyden. Det er mange ulike oppgåver for friviljuge, og mange gjer ein viktig oppgåve på ulike felt. Når Jesus snakker om dei minste, så er det ikkje berre småbarna det er snakk om, men alle som kjem i våre samanhanger og treng å verte sett. Korleis tek vi imot nye? Korleis legg vi til rette for ulike grupper? Dale kyrkjelyd har vore med i eit diakonalt kursopplegg kalla: Inviterande kyrkje. Der fekk folk på gata spørsmålet: kva vil du me skal gjøre for deg? Eller korleis ynskjer du at kyrkja skal vere? Dette er ein måte å sette borna og dei minste i sentrum. Me vert nok aldri utlærte i denne kunsten, men ein stad å byrje er å stille spørsmålet, for så å våge å lytte til dei svara ein far. Ofte vil ein så mykje. Ofte er ein også så innkjørt i korleis ein alltid har gjort tingene. Vi snur bunken. Men å setje seg ned å prioritere er ein viktig og til tider krevjande kunstart. Det er å skape eit fellesskap der det er godt å vere for liten og stor i kyrkja. Når den minste er stor er alt snuett på hovudet for kva og kven som er viktig og mindre viktig. Takk for at mange vil gi av seg sjølv og si tid for at dei minste kan få lære Jesus å kjenne. Det er faktisk hovudoppgåva vår som kyrkje

Helsing  
sokneprest Edvard Bø

## SØNDAG FOR DEI FORFYLGDE 19. NOVEMBER

Søndag for dei forfylgde er en viktig global merkedag i kyrkjeåret. Denne dagen står kyrkjelydar over hele verda saman i bøn for den forfylgde kyrkje. Menneske som blir forfylgde for sin tru bed om vår forbøn og støtte. Dagen vert vanlegvis markert andre søndag i november, men hos oss i Vaksdal gjer me det søndagen etter. Så velkommen til

**SØNDAG FOR DEI FORFYLGDE**  
**Søndag 19. november kl. 19.00**  
**i Stanghelle bedehus**

Ingvar A. Isene frå Stefanusalliansen vert med. Arrangementet er eit fellesarrangement mellom indremisjonane og kyrkjelydane i Vaksdal. Les gjerne meir på [www.stefanus.no](http://www.stefanus.no)

## BIBELTIMAR MED EDWARD BØ I HAUST

Denne hausten vil Edvard Bø i bibeltimane ta for seg eit liturgisk ledd som hører med i alle gravferdene i kyrkja. Det er jordpåkastinga. På grava seier presten orda: «**I namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande. Av jord er du komen. Til jord skal du verta. Av jorda skal du atter stå opp.**» Samstundes kaster presten tre spader med jord på kista.

Denne gongen har me to samlingar med utgangspunkt i dei tre setningane i jordpåkastinga. Første samlinga får undertittel: SKAPT I GUDS BILETE, andre samlinga tar for seg to tema: DET FORGJENGELEGE LIVET, og VONA OM EIT NYT OG EVIG LIV I TRUA PÅ JESUS KRISTUS.

Samlingane vert på tysdagar i konfirmandtrommet i **Vaksdal kyrkje kl.19.00-20.30.** Det vert ein kaffetår. Ta gjerne med eigen Bibel.  
**1. samling: 24. oktober**  
**2. samling: 21. november**



**Kely Mandresy:** Svein og Frøydís på veg til Madagaskar

## Barneskulen Kely Mandresy på Madagaskar

Barneskulen Kely Mandresy på Madagaskar vert driven av innsamla midlar i Noreg. Mellom dei som står i spissen for denne innsamlinga er ekteparet Svein Tollefsen og Frøydís Gullbrå frå Gullbrå. I skrivande stund er dei på Madagaskar

for å vitje skulen - og for å samle inspirasjon og informasjon til innsamlinga. Meir info om konserten kjem på [www.eksingedalen.no](http://www.eksingedalen.no) og på innsamlinga si Facebook-side: Barneskule på Madagaskar - Kely Mandresy.



**Til inntekt for  
barneskulen Kely Mandresy på Madagaskar:**

**Konsert i Nesheim kyrkje  
fredag 17. november  
kl. 19.30**

**Medverkande:** Roald Kleiveland, Jaemie Callender Walde, Hanna Gullbrå, Håkon Gullbrå, born i Eksingedalen, Svein Tollefsen, Evelyn Gullbrå m/fl.  
Billettsal ved inngangen. Vipps og kontant.  
Kr 250 vaksne, kr 50 for born under 16 år.  
*Konserten vil bli streama av Nese Media.*

# Min salme

Grunnen til at eg velger denne salmen er at den minner meg om konfirmant-tida mi, som var ei fin tid. Då var eg aktiv på KUL i bedehuset på Vaksdal, som var veldig kjekt. Det var ei fin tid då eg vart kjent med mange fine personar som Jon Alvheim, som vart ein god venn. Eg utfordrar Jon til å skrive om min salme i neste nummer.

## Måne og sol

Norsk salmebok nr. 240

Tekst: Britt G. Hallqvist 1973

Omsetjing: Arve Brunvoll 1977

Melodi: Egil Hovland

*I Måne og sol, vindar og hav,  
og blomar og born skapte vår Gud.  
Himmel og jord, allting er hans,  
Herren vår Gud vil vi takka.  
Omkvede: Herre, vi takkar deg,  
Herre, vi prisar deg,  
Herre, vi lovsyng  
ditt heilage namn.*

## 2 Jesus, Guds Son, død på ein kross,

*for alle, for oss, lever i dag.*

*Ja, han er her, ja, han er her.*

*Herren vår Gud vil vi takka.*

Omkvede

*3 Anden, vår trøyst, levande, varm  
og heilag og sterk, talar om Gud,  
leier oss fram dag etter dag.*

*Herren vår Gud vil vi takka.*

Omkvede

Helsing Daniel Kinsarvik.

# Kyrkje-valet 2023

Desse vart val inn i sokneråda i Vaksdal som faste medlemmar. For komplett liste, sjå

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

Dei nye sokneråda trer i kraft 1. november.

Kyrkjebladet kjem attende til korleis dei konstituerer seg.

### BERGSDALEN SOKNERÅD

Berit Pettersen, 30 stemmer

Kari Kristin Hopperstad Rødland, 29 stemmer

Anne Hilde Fosse Osvald, 29 stemmer

Bjørg Fosse, 26 stemmer

### DALE SOKNERÅD

Elisabeth Verpelstad, 128 stemmer

Lisbeth Andrea Skorpen, 117 stemmer

Eli Bjørg Leiren, 114 stemmer

Trond Werner Vaksdal, 114 stemmer

Anita Kjøndal, 114 stemmer

Maria Brekke, 113 stemmer

### EKSINGDALEN SOKNERÅD

Lars Patterson, 19 stemmer

Kari Brørvik, 18 stemmer

Olaug Elisabeth Holth, 18 stemmer

Rune Jetmann Nesheim, 18 stemmer

### NESHEIM SOKNERÅD

Gøril Kvinge Nesheim, 31 stemmer

Solfrid Urke Nese, 27 stemmer

Anita Helen Gullbrå, 26 stemmer

Håkon Øvstdal, 25 stemmer

### STAMNES SOKNERÅD

Monica Myster Dyvik, 143 stemmer

Bjørn Stamnesfet, 139 stemmer

Eidrun Straume Normann, 138 stemmer

Eli Marit Hvidsten, 122 stemmer

Olaug Helen Lunde Stammes, 118 stemmer

Anne Margrete Eikefet, 118 stemmer

### VAKSDAL SOKNERÅD

Tormod Amundsen, 184 stemmer

Tove Margrete Nordmark, 172 stemmer

Siv Torlaug Hisdal, 163 stemmer

Grete Loftheim Dale, 157 stemmer

Per Nordmark, 149 stemmer

Heidi Rongved, 148 stemmer

### BJØRGVIN BISPEDØMERÅD

Faste medlemmer:

Oddny Irene Miljeteig (Open folkekirkje)

Turid Fjose (Nominasjonskomiteens liste)

Per Hilleren (Frimodig kyrkje)

Karl Johan Kirkebø (Open folkekirkje)

Dag Sele (Nominasjonskomiteens liste)

Sigurd Grindheim (Bønnelista)

Live Bakke Nydal (Open folkekirkje)

Kjersti Gautestad Norheim (representant for prestane)

Rita Eldholm (representant for leike tilsette).

Ragnhild Jepsen, biskop.

For komplett liste, sjå [www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

# Ministerbesøk i Dalekyrkja

7. august vitja Kjersti Toppe Dale kyrkje.

Besøket begynte med at kyrkjetenar Ottar Dalseid fortalte om Dale-samfunnet som bygde kyrkja, og litt om arkitektur og symbolikk i kyrkja. Etter dette fekk me song av ordførar Hege Eide Vik akkompagnert av organist Frode Vik. Til slutt fortalte kyrkjeverje Bjart-Magnus Rosvold om dei sju kyrkjene og åtte gravplassane i Vaksdal.

Barne- og familieministeren utalte at ho var imponert over Dalekyrkja og den unike arkitekturen i denne. Ho hadde syn for at dette var mykje bygningsmasse for ein kommune



**Besøk:** Frå venstre fellesrådsleiar Lars Patterson, kyrkjeverje Bjart-Magnus N. Rosvold, familie- og barneminister Kjersti Toppe (Sp), ordførar Hege Eide Vik (Sp), fellesrådsmedlem Anne Margrete Eikefet, sokneprest Edvard Bø, kyrkjetenar Ottar Dalseid.

med Vaksdal sitt folketal. Ho utala at ho såg verdien av kyr-

kja som berar av både tru og kultur, og kor viktig kyrkja var

## To minnegudstenester i år òg

Det vert to minnegudstenester for dei som har hatt kyrkjeleg gravferd/bisetjing i Vaksdal.

Helgemessesøndag, 5. november, kl. 16.00 i Dale kyrkje: Minnegudsteneste for dei som vart gravlagt i Bergsdalen, Dale og Vaksdal sokn det siste året.

Nyårsaftan 31. desember kl. 15.00 i Stamnes kyrkje: Minnegudsteneste for dei som vart gravlagt i Eksingedalen, Nesheim og Stamnes sokn det siste året.

Det kjem brev med innby-

ding til desse gudstenestene. Den som formelt står ansvarleg for gravferda/bisetjinga får brevet, og deler informasjonen med dei andre. I desse gudstenestene les ein namna til dei som er gravlagde/bisette det siste året samt tenner eit lys for dei.

Minnegudstenestene er òg opne for alle som elles vil koma.

## Flygfest

No skal vi feira! Fredag 20. oktober byd vi inn til gratis konsert i Vaksdal kyrkje.

Alle som bidreg i denne konserten, bur i Vaksdal eller har tilknyting hit. Vi får høyra bygdas eigen Frida Amundsen, vår syngande ordførar Hege Eide Vik, Davin Waage Knappskog, Hans Rossvoll-Hontveit, Ingunn Loftheim Dale, Dagny Linnea Nordmark, koret Kilden og alle dei fem kantorane som har spelt i kyrkja vår dei siste åra: Tone Synnøve

Oygard Steinkopf, Olav Arne Steinkopf, Lars Ragnvaldsen, Ruben Gjertsen og Frode Vik.

Med denne konserten vil vi takka alle som har hjelpt til med å skaffa midlar til flyget. Takk til alle songarar og musikarar som har bidrige gratis, takk til næringsliv og organisasjonar og takk til alle privatpersonar som har gjeve tid og pengar til prosjektet!

## Måndagskaffi i Vaksdal kyrkje

Det vert måndagskaffi måndagar kl. 12.00 – 13.30

Vi held fram med måndagskaffien i konfirmantrommet i Vaksdal kyrkje. Alle måndagar er det høve til ein pust i bakken med kaffi, te og litt å bite i. Praten går laust på desse samlingane og det er dei som kjem, som styrer praten.

Dei fleste samlingane er utan program, men nokre

onger har vi besøk av nokon som vil presentera eit tema eller ei sak. Dette vert kunngjort særskilt.

Alle er velkomne – uansett alder og kvar du bur!

Vi har ein del leikar tilgjengeleg for små born.

## Haustverkstad og hausttakkefest

Kom, kom! Bli med på haustverkstad og hausttakkefest!

**Vaksdal kyrkje,  
konfirmantrommet,  
søndag 22. 10. kl. 15.00.**

Før gudstenesta har vi haustverkstad, førebur gudstenesta og et middag i lag.

Etter gudstenesta blir det

som vanleg kyrkjekaffi, denne gongen med litt sal til inntekt for TV-aksjonen og Redd Barna.

Barn og vaksne er hjarteleg velkomne til ein annleis ettermiddag i kyrkja!



**Folketonar:** Berit Opheim leia tre grupper med songarar frå Vaksdal, Bolstad og Voss under konserten. Ho og dei song folketonar både frå Vaksdal og omliggjande kommunar.

FOTO: PER SMÅBREKKE

## Bergsdalsstemna 150 år

For 150 år sidan vart det skipa til ei samling på garden på Rødland med ynskje om å *koma saman um Guds ord ein gong sumarsdag*. Då det kom kyrkje på Lid flytta stemna dit, og fekk

namnet Bergsdalsstemna. Med få unntak har det vore stemne kvart år sidan 1873. Jubileet vart markert søndag 3. september med gudssteneste, fest-kyrkjekaffi og konsert.



# Flygelfest

Vaksdal kyrkje  
fredag 20. oktober kl 19.00

Vi feirer at flygelet er betalt og på plass.

Frida Amundsen, Hege Eide Vik,  
Tone Synnøve Øygard Steinkopf,  
Olav Arne Steinkopf, Frøde Vik, Ruben Gjertsen,  
Lars Ragnvaldsen, Davin Waage Knappskog,  
Kilden, Hans Rossvoll-Høntvedt,  
Ingunn Hofheim Dale, Dagny Linnea Nordmark

Gratis inngang  
Kaker og kaffe etter konserten  
Arr: Vaksdal sokneråd

## DALE BEDEHUS 25 ÅR

Dale bedehus vart delvis - og seinare heilt - teke i bruk i 1992, men vart vigsla først i 1998. I år er dette såleis 25 år sidan. Jubileet vert markert onsdag 13. desember kl. 18.00. Me gratulerer!

## KILDEN 25 ÅR

Koret Kilden vart starta opp i 1998 av dåverande kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf.

No er det organist Ruben Gjertsen som leiar koret. Me gratulerer med jubileet!

Barneforeininga på Straume innbyd til

**BASAR**  
**i ungdomshuset laurdag**  
**28. oktober kl. 17.00.**



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Vegen i Vaksdal på Facebook! [f](#)

## «Superonsdag» på Dale og Vaksdal



I haust heldt me fram med «superonsdagar» vekselvis på Dale og Vaksdal, der me har til saman fire samlingar for ulike alderstrinn i løpet av ein dag. I skrivande stund har me hatt fire onsdagar allereie, og mange har vore innom Dale bedehus og Vaksdal kyrkje på dei ulike samlingane; Baby- og småbornssong (0-2 år), Etter skuletid (5.-7. trinn), Knøttesong (1-5 år) og Onsdagsklubb (1.-4. trinn). Nokre samlingar er det få på, då vert me betre kjende me som er der, og nokre samlingar er det mange på, og fullt av born å leika med, og vaksne å prata med. Like kjekt begge delar! Kristin er ein smule trøytt på slutten av desse superonsdagane, men det er verdt det, synest ho!

## Førsteklassesamlingar på Vaksdal, Dale og Stamnes

Kyrkja er ofte ein stad folk kjem til i viktige overgongar i livet, og me tenkjer at skulestart og er ein slik viktig overgang, både for nye fyrsteklassingar og foreldre. Difor er det mange kyrkjelydar som inviterer til markering av skulestart for fyrsteklassingar, og det har me gjort i kyrkjene i Vaksdal òg i nokre år. I år var blei dette markert på ei samling med onsdagsklubb på Vaksdal og Dale, og på Stamnes saman med ei barnekorøving. Borna fekk kvar sine bøker, i tillegg til at dei fekk perla armband eller teikna på kvite pennalhus etterpå.



## Konfirmant-leir

Konfirmantane i Vaksdal og Modalen har vore på leir på Fager-tun i Eksingedalen. Her er me på ei av dei to undervisningssamlingane. På programmet elles sto gudsteneste, tur, fotball, traktortrekking, god mat og mykje fritid - for å nemne noko.



**Superonsdag (f.v.):** Til knøttesong-gjengen har me fått tak i masse ny duplo til lekestunda etterpå! Høgdepunktet på baby- og småbornssong er framleis så-pebobler. Fingerhekling og perling på nokon, legobygging på nokon.

FOTO: Privat



## KVA SKJER PÅ VEGEN VIDARE?

ONSDAGAR FRÅ 30. AUGUST:

### Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust er det baby- og småbornssong vekselvis på Dale (oddetalsveker) og Vaksdal (partalsveker) på onsdagar kl.11.30-13.30. Me starta opp onsdag 30. august i Dale bedehus først, og heldt fram med samling i Vaksdal kyrkje onsdagen etterpå. Slik vil det rullera ut november, med unntak av pause i haustferieveka og veka etter. Sjølve songstunda byrjar ca klokka 12, og før og etter er det prat, mat og leik. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne! Fylg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Normann.

0-2 år



### Knøttesong på Dale og Vaksdal

Knøttesong for born 1-5 år vert òg annakvar onsdag på Dale (oddetalsveker) og Vaksdal (partalsveker), klokka 17-18. Me syng og leikar, og et litt etterpå. Me har drikke og frukt, ta gjerne med niste om de ynskjer å eta kvelds saman med oss. Fylg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Normann.

1-5 år

### Etter skuletid på Dale og Vaksdal

Etter skuletid er noko heilt nytt som me prøver ut i haust! Det er samlingar rett etter at skulen er ferdig, **14-15**, for borna på mellomtrinnet. Me tenkjer det mest som ein uformell møtestad etter skuletid, der borna får enkel varmmat (oftast pølse i brød) og kan spela spel eller gjera ulike hobbyaktivitetar. Som fleire andre samlingar vert det vekselvis i Dale bedehus (oddetalsveker) og Vaksdal kyrkje (partalsveker).

5.-7.  
trinn

### Onsdagsklubb på Dale og Vaksdal

Me heldt fram med onsdagsklubb for småtrinnet klokka 18.15-19.15! Her har me først ei songstund, så dramatiserer me ei forteljing frå bibelen saman, og snakkar litt om kva gode ting me kan læra av den, og til slutt er det hobby og frukt. Også dette er vekselvis i Dale bedehus (oddetalsveker) og Vaksdal kyrkje (partalsveker), ut november.

1.-4.  
trinn

## TORSDAGAR FRÅ 14. SEPTEMBER:

## Barnekor på Stamnes

4 +

Det er òg barnekor på Stamnes som tidlegare. Dei brukar å ha korøving i **Stamnes bedehus torsdagar kl 17-18**, og starta opp 14. september. På koret lærer me nye songar, og har fleire songar me syng kvar gong, me får vera med på ein andakt, og leikar til slutt, før det er kvart sitt glas med saft! Interesserte kan vera med i facebook-gruppa «Stamnes Barnekor» for å få oppdatert info.

## EIN TORSDAG I MÅNADEN FRÅ 5. OKTOBER:

## Baby- og småbornssong på Stamnes

0-4 år

Også i haust vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-4 år på Stamnes. På Stamnes samlast me i **bedehuskjellaren mellom kl. 10 og 12** ein torsdag i månaden, desse datoane: 5.oktober, 2.november og 30.november. Fyrst er det songsamling, deretter er det ein lett lunsj, me har varm drikke, ta gjerne med niste

## EIN TYSDAG I MÅNADEN FRÅ 25. OKTOBER:

## Generasjonssong på Vaksdal og Dale

I samarbeid med Vaksdal frivilligsentral arrangerer me Generasjonssong på sjukeheimane på Dale og Vaksdal ein tysdag i månaden. Her inviterer me dei yngste (ca 0-2 år) og eldste i kommunen til å koma saman til ei sanserik samling med tradisjonelle og nyare songar. **Neste dato er 25. oktober klokka 11-12 på Vaksdal, der me òg har samling 5.desember. På Dale har me allereie vore ein gong, og kjem tilbake 14. november klokka 11-12 der òg.** Samlingane er i same etasje som hovudinngangen begge stadar. Frivilligsentralen lagar vaflar til alle som er med!

## 19. NOVEMBER:



## Utdeling av Nytestamentet på Stamnes og Vaksdal

10 år

Tiåringane på Stamnes og Vaksdal skal som vanleg få Nytestamentet i haust. På Stamnes skjer det på gudstenesta den 19. november kl. 11.00, og på Vaksdal vert tiåringane invitert til å få bøkene under gudstenesta 19. november kl. 16.00. På Dale og i Eksingedalen vert Nytestamentet delt ut etter jul.

## FRÅ 12. NOVEMBER:



## Samlingar og utdeling av bok

4 år

Fireåringane vert inviterte til to ting i haust. Både ei gudsteneste der dei får fireårsboka, og så til ei eller to samlingar der me syng litt og lagar kvar sin julekalender. Datoane for samlingane er ikkje bestemt endå, men gudstenestene med utdeling av boka vert slik: Dale 12. november, Vaksdal og Stamnes 19. november.

# Tankar frå trusopplæraren

Kvar kjenner du deg heime? Det ordet har eg tenkt litt på i det siste. For kva er eigentleg heime? Nokon vil seie at heime er der ein har bustadadresse. Og det stemmer jo for så vidt. Men kan heime vere meir enn det?

For meg handlar det like mykje om ei kjensle, trur eg, sett saman av fleire element. Ei kjensle av å høyre til, av at her er det plass til meg. Ei kjensle av å vere trygg, sett og romma slik ein er. Kanskje ei kjensle som gjer ein varm og avslappa, som set kroppen i lade-modus og gjev energi.

Og det treng ikkje berre handla om ein eller fleire stadar ein kjenner seg heime, det kan like godt handle om kven ein er saman med. Ein kan kjenna seg heime i ein klem, eit blikk, eit smil. Nokon kjenner seg kanskje mest heime når ein er ute i naturen. Tryggleiken er langs stiane, under furutreet, ved elva.

Kjensla av å vere heime, slik eg skildra det over, har eg alltid eit ynskje om at folk kan kjenna på når dei deltek på arrangementa me har i trusopplæringa og kyrkjene våre. Eg trur det var den



kjensla Jesus gav, og fortsett gjev, til dei som møtte han og heldt seg nær han. Ei ro og ein tryggleik, som me òg kallar for «Guds fred». Og den kjensla treng me både små og store.



## QR-kodar:

*Facebookgruppa for Baby- og småbornssong og Knøttesong.*



*Facebookgruppa for Etter skuletid og Onsdagsklubb på Dale.*



*Facebookgruppa for Etter skuletid og Onsdagsklubb Vaksdal.*



*Vegen i Vaksdal på Facebook.*

## DET SKJER I BEDEHUSA

### VAKSDAL BEDEHUS

**Storsamling** søndag kl. 11.00

**Søndagsskule** i kjellaren kl. 11.30

same dag som storsamlinga.

1. oktober | 22. oktober | 12. november



**Formiddagstrekk** torsdag kl. 11.30, med andakt, song og musikk, matpause m.m.

**Torsdag 19. oktober:** Gjest: Audun Myksvoll.

**Torsdag 23. november:** Gjest: Reidun Skurtveit.

### Bibeltimar:

**Torsdag 5. oktober kl. 19.00:** Bibletime ved Odd Sverre Hove: «Vintreet og greinene»

**Torsdag 2. november kl. 19.00:** Bibletime ved Odd Sverre Hove: «Såmannen»

**Laurdag 4. november:** BEDEHUSDAGEN

### STANGHELLE BEDEHUS

**Onsdag 18. oktober kl. 19.00:** Møte ved Ole Corneliusen

**Onsdag 15. november kl. 19.00:** Møte ved Reidun Skurtveit

**Søndag 19. november kl. 19.00:** Søndag for dei forfylgte.

Samling ved Ingvar A. Isene frå Stefanusalliansen

**Laurdag 25. november kl. 18.00 og søndag 26. november kl. 18.00:** BIBEL-HELG ved Ole Corneliusen

### DALE BEDEHUS

**Onsdag 4. oktober kl. 19.00:** Møte ved Lys Over Land.

Tale av Arne Jørgensen

**Laurdag 28. oktober kl. 16.00:**

BASAR! Andakt ved Karina Andersen

# Konfirmantjubileum på Stamnes 23. september

Konfirmantkulla frå 1972 og 1973 var særskild innbedne til festen, saman med konfirmantane frå i år og i fjor.



**72-kullet:** Stein Iversen, Bente Marion Straume Bekkenes, Ingvild Jakobsen Sæterdal, Sissel Myster.



**73-kullet:** Bak frå venstre: Olav Arnstein Vik, Ivar Solhaug, Knut Olav Carlsen, Kjell Arnestein Vedaa, Andreas Stamnes. Framme frå venstre: Anne Margrethe Eikefet (konfirmert i Eksingedalen), Anita Alice Vik, Solgunn Wiik Bjørke, Bente Helene Hagen Mo, May Britt Vik, Beate Stamnes.

## Vaksdal Musikklag innbyd til HAUSTKONSERT

i Vaksdal kyrkje fredag 27. oktober kl. 19.00.

Gjest: Frida Amundsen. Konfransier: Jørn Øyrehegen Sunde

**OPEN  
KYRKJE  
PÅ DALE**



**LAURDAGAR  
KL. 12 - 14**

Kaffi/te/vatn står framme  
saman med noko  
enkelt å bita i  
KL. 12.00 Kort omvisning  
KL. 12.30 Musikkstund  
Dale kyrkje vert open  
kvar 3. laurdag i månaden.  
**Datoane i haust er  
21. okt. og 18. nov.**



**Måndagskaffi  
i  
konfirmantrommet  
i Vaksdal kyrkje**

**Kvar måndag  
er kaffien klar  
kl 12.00  
Vel møtt!**

Vaksdal sokneråd



**Vi har stillas  
med hengar til leige.  
Telefon 481 44 680**

# ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • [www.arnpro.no](http://www.arnpro.no)

**ATLANTIS**  
**VVS & INTERIØR**  
Din lokale rørlegger i Vaksdal  
**€ 95 97 17 00**



## GRAVMINNEN



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.



**STEINRIKET**  
DALE AS

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting  
Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)

**Sæterdal  
Elektro**



**Me leverer alt innan  
elektrikartenester.**  
**Tlf. 565943 00**



**SparebankenVest**  
– satsar på Vestlandet

Tlf 56 59 39 00 - [www.spv.no](http://www.spv.no)



**Alt innan  
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739  
[post@falkangerbygg.no](mailto:post@falkangerbygg.no)



**IdéHUS**  
BYGGER PÅ GODE IDÉER

**Falkanger Bygg er  
forhandlar av Idéhus**  
**Sjå Idehus.no**

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

**Vangen  
Elektriske**

**HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?**

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

**Tlf. 56 52 36 66 - [www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)**



**Bergsdalstunet**

- Selskap
  - Levering av mat
  - Minnesamvære
- Tlf. 93 213 213**

**PRELUDIUM 2**

Du kan kjøpe boka her:  
 # Petersens Handleri  
 # Dale kyrkje  
 # Kyrkjekontoret  
 # www.zeth.no  
 Pris kr 380,-



*Vaksdal*

BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- omsorg ved livets slutt -

DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984

**DØGNVAKT: 56 59 74 70**

WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO

**toVi**  
Elektro

Tlf. 417 94 104

E.post: tommy@tovielektro.no



**DALETEC**



NORDHORDLAND  
BEGRAVELSESBYRÅ

**AVD. VAKSDAL**

ALLTID HER FOR



Ditt lokale  
gravferdsbyrå



Ann-Elin M. Gullbrå



Marit M. Alvheim

**DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO**

Me har lokalt kontor i Elvavegen 1, 5722 Dalekvam

**SLEKTERS GANG**

**DØYPTE**

**Stamnes**

20.08 Aria-Josefine Straume Thorvaldsen  
20.08 Oline Fletre Hesjedal

**Eksingedalen**

06.08 Tuva Sjurstræ Trefall

**VIGDE**

**Dale**

24.06 Karen Tveiterås og Ørjan Olsen

**Stamnes**

05.08 Kristin Straume Normann og  
Stian Hammer Verpelstad



**DØDE**

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

**Bergsdalen** 09.06 Tore Gjerd 1938

**Dale** 16.06 Kjellaug Eli Fotland 1958

21.06 Erling Rolland 1933

27.06 Andry Ellinor Birkeland 1938

30.06 Klara Haugland 1919

06.07 Karl Johan Pedersen 1940

29.07 Arthur Grønsdal 1927

25.08 Ågot Eliassen 1937

28.08 Maria Seim 1926

05.09 Marta Kvamme 1950

17.09 Einar Magne Straume 1942

19.09 Marit Brita Heimdal 1931

**Stamnes** 04.04 Liv Irene Elvik 1940

17.07 Arvid Grøsvik 1925

08.09 Norvald Bukkestein 1935

**Vaksdal** 26.08 Karl Boge 1945

11.09 Reidar Olsnes 1956

**Eidsland** 15.08 Reidar Andreas Eikemo 1938

**Døype barnet -  
eller bli døypet sjølv?**

Ver velkommen til dáp!

Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20

Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no


Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam

Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale

Heimeside: www.vaksdal.kyrkja.no

Tidligare fekk me melding om alle nyfødde, og kunne sende innbyding til dáp. No får me ikkje den informasjonen, og kan difor ikkje sende innbyding til dáp direkte.





**Returadresse: Kyrkjebladet for Vaksdal  
Postboks 113, 5721 Dalekvam**

## VELKOMEN TIL KYRKJA

**Søndag 1. oktober - 18. søndag i treeiningstida**

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

**Søndag 8. oktober - 19. søndag i treeiningstida**

EKSINGEDEALN KYRKJE kl. 11.00. Vegen-gudsteneste.

Normann og Kvamsøe. Kyrkjekaffi.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste med konfirmantjubileum. Bø. Nattverd.

**Søndag 15. oktober - 20. søndag i treeiningstida**

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste med konfirmantjubileum.

Kvamsøe. Dåp.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

**Søndag 22. oktober - 21. søndag i treeiningstida**

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste med

Hausttakkefest. Kvamsøe. Kyrkjekaffi

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste med Hausttakkefest. Nordmark. Nattverd. Sjå eigen omtale i Kyrkjebladet.

**Søndag 29. oktober - Bots- og bønedag**

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Kyrkjekaffi.

EIDSLAND KAPELL kl. 15.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

**Søndag 5. november - Helgemessesøndag**

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00 Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Kyrkjekaffi.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Minnegudsteneste for Bergsdalen, Vaksdal og Dale sokn. Kvamsøe. Sjå eigen omtale i Kyrkjebladet.

**Søndag 12. november - 24. søndag i treeiningstida**

DALE KYRKJE kl. 16.00. Vegen-gudsteneste med utdeling av bok til 4-åringane. Normann og Kvamsøe. Bønevandring med nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 19. november - 25. søndag i treeiningstida**

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Vegen-gudsteneste med utdeling av bok til 4-åringane og Nytestamente til 10-åringane.

Normann og Bø. Bønevandring med nattverd. Kyrkjekaffi.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Vegen-gudsteneste med utdeling av bok til 4-åringane og Nytestamente til 10-åringane.

Normann og Bø. Bønevandring med nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 26. november - Domssøndag/Kristi kongedag**

Ikke gudstenester i Vaksdal.

*Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag, og på [www.kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal) for eventuelle endringar.*

*Ta kontakt med Kyrkjekontoret viss de ynskjer dåp.*



*Bunad og stakkastovo as  
ny bunad  
omsøm  
bunadsølv  
tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00  
Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen  
[www.bunadogstakkastovo.no](http://www.bunadogstakkastovo.no)*